
Saksnr: 2020/46488-2
Saksbehandlar Lars Erik Lunde
Dato: 17.08.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer

Fylkesrådmannen vil i dette notatet orientere om status og konsekvensar av endringane i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer.

Reviderte retningslinjer for ferjeavløysingsordninga

Fylkesrådmannen la i *RS 29/2020 Ferjeavløysingsordninga - status og prosjekt i Vestland* til Hovudutval for samferdsel og mobilitet (møte 28.04.2020) fram ei orientering om ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer og status for ulike aktuelle ferjeavløysingsprosjekt i Vestland.

I mai i år la regjeringa fram Prop. 105 S Kommuneproposisjonen 2021 med oppdaterte retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer. Dette i samsvar med utvidinga av ferjeavløysingsordninga i Prop. 1 S (2019–2020).

Som svar på anmodningsvedtak nr. 88, 3. desember 2018 frå Stortinget blei ordninga utvida frå berre å dekkje nominelle byggekostnader, fråtrekt momskompensasjon og eventuelle bompenginntekter, til også å dekkje inntil 50 prosent av berekna rentekostnader. I tillegg blei maksimal utbetalingstid auka frå 40 til 45 år. Det vart vidare gjort nokre presiseringar som er i samsvar med korleis ferjeavløysingsordninga har blitt praktisert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet etter at ordninga blei innført. Retningslinjene følgjer som vedlegg til dette notatet.

I behandlinga av Prop. 105 S (2019-2020) gjorde Stortinget følgjande vedtak, jf. Innst. 383 S (2019-2020):

«Stortinget ber regjeringen oppdatere retningslinjene for fergeavløsningsordningen slik at fergesamband som består av flere strekninger der det bare er aktuelt å avløse deler av sambandet, beregnes som om hele fergesambandet avløses, så lenge hele sambandet legges ned.»

«Stortinget ber regjeringen om at det legges fram en egen tilskuddsordning i forbindelse med fergeavløsningsordningen som kan avhjelpe rentekostnadene de første årene etter at et fergeavløsningsprosjekt er ferdigstilt, og komme tilbake med endringsforslagene i forslaget til statsbudsjett for 2021.»

Konsekvensar av endringane for fylkeskommunen

Dei reviderte retningslinjene frå 20. mai 2020 vil betre finansieringa for ferjeavløysingsprosjekta i Vestland ved at inntil 50 prosent av berekna rentekostnader vil bli dekte, samt at maksimal utbetalingstid blir auka frå 40 til 45 år. Det er viktig å merke seg at kompensasjonen for renter ikkje er gitt med ein auke i årleg beløp i ferjeavløysingsmidlar, men gjennom å utvide talet på år med tilbakebetaling. Denne endringa vil såleis ikkje betre den kortsiktige finansieringsutfordringa for fylkeskommunen. Det er heller ikkje nødvendigvis slik at auken i maksimal utbetalingstid på 5 år er nok til å dekkje heile prosjektkostnaden. Dette vil variere frå prosjekt til prosjekt.

Det er ikkje avklart kva Vestland fylkeskommune vil få i ferjeavløysingsmidlar for dei ulike prosjekta med dei reviderte retningslinjene eller ved ein ev. utviding av retningslinje som stortinget har bedt regjeringa om å kome tilbake til.

Konsekvensar av Stortinget sine vedtak I behandlinga av Prop. 105 S (2019-2020)

Fylkesrådmannen legg til grunn av regjeringa kjem tilbake med oppfølginga av Stortinget sine vedtak i samband med statsbudsjettet for 2021 i oktober.

Når det gjeld utviding av ordninga omtalt i første punkt vil dette ha konsekvensar for Bjelkarøysambandet og for Fjellbergsambandet som ut frå gjeldande retningslinjer får låge beløp i ferjeavløysingsmidlar.

Ei ev. tilskotsordning i samband med ferjeavløysingsordninga, jf. andre punkt i Stortinget sitt vedtak vil verke positivt for finansieringsutfordringa for alle ferjeavløysingsprosjekt i Vestland.

Årlege ferjeavløysingsmidlar (finansieringa) er eit fast beløp i heile ferjeavløysingsperioden, medan fylkeskommunen sin kostnad vil vere renter og avdrag på prosjektlånet. Desse kostnadane vil slik sett vere store i starten og gradvis avtakande etter kvart som lån vert nedbetalt. Ei eiga tilskotsordning vil såleis bidra til å redusere finansieringsutfordringa dei første åra. Kor stort dette bidraget vil bli er avhengig av utforminga av tilskotsordninga.

Fylkesrådmannen legg opp til at ferjeavløysingsordninga vert sett opp som tema i regional transportplan. Her må prioritering av ferjeavløysingsprosjekta bli vurdert opp mot andre prioriterte oppgåver innan samferdsle.

Vedlegg

- 1 Reviderte retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer